

Dokkeveien

- forprosjekt gateopprusting



“Your street” - “Din gate (Old street with new impact)”

Det bearbejdede vinnerforslaget av konkurransen Your Street - Din gate
Opprusting av Dokkeveien frå Jekteviksbakken til Sydneskleiven.
Dekke og urbane elementer koordinert med gjennomføring av prosjekt BossNett.

Koordinert med gjennomføring av prosjekt BossNett

Bergen, 6. februar 2017
rev. 16.januar 2018

Forord

Prosjektet for opprusting av Dokkeveien starta etter at forslaget "Old street with new impact" vann den globale konkurransen Your Street - Din gate. Konkurransen blei arrangert i Bergen i 2014/2015 av Norske design- og arkitektursenter (DOGA) og Design Region Bergen/Raff Designuke. Vinnarforslaget var utarbeida av lokale bebuarar og sendt inn saman med Sydnes og Nøstet velforening. I etterkant har det vore møter med ulike kommunale etater, BIR Nett og medlemmane i Graveklubben for å koordinere og tilpasse prosjektet.

Forslaget for Dokkeveien "Old street with new impact" vann første prisen på 200.000 kroner, der velforeninga er mottakar av prispengane, og som er oppdragsgivar for forprosjektet. Sumaren 2016 gav Sparebanken Vest ytterlegare 200.000 kroner til prosjektet, medan Bergenhus og Årstad kulturkontor gav 100.000 kroner til realisering av Springgjerdet, som er ein del av prosjektet, hausten 2016.

Prosjektansvarleg har vore Nils Johan Mannsåker, i samarbeid med sivilarkitekt Gro Haveland, sivilarkitekt Ana Maria Pop, og landskapsarkitekt Hanji Feng, alle frå Fortunen AS.

Gjennomføringa av prosjektet skal koordinerast med BIR Nett sine planlagde arbeid i gata.

Arbeidsteikningar og konkurransegrunnlag blir utført av Fortunen AS, og implementert i BIR Nett sine konkurransegrunnlag for gjennomføring av utbygginga av bossug.

Innhald

1. Bakgrunn for prosjekt
2. Planområdet
3. Mål og verkemiddel
4. Historikk
5. Dagens forhold
6. Eksisterande planar
7. Trafikkforhold
8. Alternative løysingar
9. Innspel frå ulike aktuelle etater
10. Anbefalt løysing

Figurer

- Fig. 1 Oversiktsfoto planområdet
- Fig. 2 Tilkoms fra Sydnegaten
- Fig. 3 Gatemiljø i dag
- Fig. 4 Flyfoto over nærområdet
- Fig. 5 Flyfoto over planområdet
- Fig. 6 Dagens gatemiljø
- Fig. 7 Dagens gatemiljø
- Fig. 8 Kartutsnitt datert 1885
- Fig. 9 Kartutsnitt datert 1907
- Fig. 10 Foto 1951, Dokkeveien mot Dragesmuget
- Fig. 11 Foto 1951, Frå Dragehaugen
- Fig. 12 Foto 1951, Dokkeveien fasader mot sør
- Fig. 13 Foto 1951, fri- og leikeområde ved Dokkeveien
- Fig. 14 Rosenbergshagen steinbrot
- Fig. 15 Flyfoto dagens situasjon
- Fig. 16 Dagens trafikkmønster
- Fig. 17 Foto dagens gatemiljø
- Fig. 18 Foto dagens gatemiljø
- Fig. 19 Foto dagens gatemiljø
- Fig. 20 Foto dagens gatemiljø
- Fig. 21 Dagens gatedekker
- Fig. 22 Tilstand på gatedekker i dag
- Fig. 23 Tilstand på gatedekker i dag
- Fig. 24 Tilstand på gatedekker i dag
- Fig. 25 Tilstand på gatedekker i dag
- Fig. 26 Tilstand på gatedekker i dag
- Fig. 27 Registrering dagens situasjon
- Fig. 28 Registreringar i nærområdet
- Fig. 29 Utsnitt plankart KPA
- Fig. 30 Utsnitt plankart KPA
- Fig. 31 Utsnitt KDP sentrum - arealbruk
- Fig. 32 Utsnitt KDP sentrum - byform bebyggelse
- Fig. 33 Utsnitt KDP sentrum - byform byrom
- Fig. 34 Reguleringsplan Jekteviken (1952)
- Fig. 35 Reguleringsplan Møhlenpriskrysset
- Fig. 36 Reguleringsplan Jekteviken (2013)
- Fig. 37 Kart trafikkforhold
- Fig. 38 Tiltent trafikkforhold
- Fig. 39 Illustrasjonsplan, gatebelysning
- Fig. 40 Førsteutkast av plan
- Fig. 41 Illustrasjonplan prosjektområdet
- Fig. 42 Langsnitt
- Fig. 43 Tversnitt
- Fig. 44 Dagens registreringer i nærområdet
- Fig. 45 Tenkt ny situasjon
- Fig. 46 Dagens gatedekker
- Fig. 47 Nytt gatedekke med nye element
- Fig. 48 Klokkarsteinen og vasskjelda mot Jekteviksbakken
- Fig. 49 Klokkarsteinen og vasskjelda mot Dragesmauet
- Fig. 50 Klokkarsteinen som scene
- Fig. 51 Springgjerdet og uteservering

Samandrag

I 2014/2015 blei den globale Your Street-konkurransen arrangert i Bergen; Gjør noe med gaten du bor i slik at den kan bli "smartere, sunnere, mer bærekraftig eller tryggere". Forslaget "Old street with new impact", som er utarbeida av bebuarane i Dokkeveien og Sydnes, vann konkurransen.

Prosjektet omhandlar opprusting av gatedekke, delvis omorganisering av bruk ved å i større grad leggja til rette for fotgjengarar, og tilrettelegging av gata som opphaldsstad.

Gjennomføringa skal skje i takt med gjennomføringa av bossnett utbygginga i området utført av BIR Nett. Denne utbygginga medfører fjerning av eksisterande dekke, grøfting og graving og montering av nytt system for bossnett. Dekket skal så tilbakeføres, i tråd med eksisterande standard, eller forbetra stand.

Fig 1. Oversiktfoto planområdet



1 Bakgrunn for prosjekt

Bebuarforslaget "Old street with new impact" vann konkurransen "Your Street; Gjør noe med gaten du bor i slik at den kan bli "smartere, sunnere, mer bærekraftig eller tryggere".

Your Street er ein global konkurranse der enkeltpersoner, nabolag eller velforeiningar kan kome med forslag til forbedringar i nærmiljøet som skaper aktivitet, tryggleik og samhold. I Bergen blei konkurransen arrangert som eit samarbeid mellom Norsk design- og arkitektursenter (DOGA) og Design Region Bergen/RAFF Designuke.

Fleire tusen unge, eldre, studentar og barn bruker denne gata kvar einaste dag. Ein av Bergen sentrum sine tre attverande nærbutikkar ligg her – open 7 dagar i veka. Butikken fungerer som eit sosialt knytpunkt og ein god informasjonskanal. For Fortunen AS betyr det at me får tilbakemeldingar frå naboar og kan halde naboane oppdatert om utviklinga, ved blant anna å stille ut ein modell av prosjektet i nærbutikken.

Den bærande ideen er å ruste opp gata og plassere tre historiske element tilbake på tomta; Klokkesteinen, vannspringet Vaskerelevens kjelde, og Springgjerdet som i dette tilfellet vil vera eit 22 meter langt gjerde forma som ein benk.

Både Klokkesteinen og Springgjerdet var sentrale den gangen heile byen feira St. Hans på Sydneshaugen. Klokkesteinen var ein om lag 3 meter høg stein forma som ein benk på toppen, og den som klatra til toppen blei "kongen på haugen". Springgjerdet var eigentleg eit gjerde mot Fasting Mindes eigendom, men mot gata var det forma som ein benk. Vannspringet Vaskerelevens kjelde er ein gamal vatnkjelde framføre det som kallas Rosehuset, Dokkeveien nummer 3. Det blir sagt at ei åre heilt frå Gullfjellet går under byen og ender opp her, og denne utgjorde kjelda til Vaskerelevens. Det er ein liten vatnpynt der i dag, med ein skjult dyse som gjorde dammen til ein fontene på 1970- og 80-tallet.

Teikningsskissene me vann med er justert etter møter og synfaring med Trafikketaten, Byantikvaren, BIR Nett AS og Graveklubben med fleire. Teikningane blir ytterlegare justert når Graveklubben starter med å fornye røyrynett og å leggje bossnettet våren 2017, når dei finn ut korleis det ser ut under asfalten.

Den vedlagde skissa gir likevel ein god indikasjon på korleis det kjem til å bli. Bilane vil bli fjerna, vegen smales inn, og Springgjerdet lager eit naturleg opphaldsområde utandørs på den mest solrike delen av plassen. Det er også lagt opp til at Springgjerdet kan kombineras med uteservering frå nærbutikken. Klokkesteinen og Vaskerelevens kjelde plasseras nær der dei stod, som to by-attraksjonar særigne for denne staden. Like bortanfor, men knapt synlig frå plassen, er leikeplassen Giraffen, som nylig er rusta opp av Grønn Etat i samarbeid med velforeininga.

Fortunen AS har fått til ein avtale med BIR Nett AS om at når dei starter gravinga til våren, får Fortunen ansvaret for å detaljprosjektare, ein kostnad dei uansett måtte tatt. Vår ansvarlege arkitekt vil bli Fortunen AS ved Gro Haveland og Nils Johan Mannsåker, som er naboar og har teikna forslaget som vann Your Street-konkurransen. Dei teikna også nabogata Sydnesgaten då den blei rusta opp for nokre år sidan.

Fig. 2 Tilkomst frå Sydnesgaten



Fig. 3 Gatemiljø i dag



2 Planområdet

Fig. 4 Flyfoto over nærområdet



Planområdet omfattar Dokkeveien, frå møtet med Dokkebakken og austover til møtet med Sydnegaten / Sydnegkleiven. Tilgrensande smug og gater er kunn omfatta i sine startpunkt ved Dokkeveien.

Fig. 5 Flyfoto over planområdet



Fig. 6 Dagens gatemiljø



Fig. 7 Dagens gatemiljø, mot Sydnegaten



3 Mål og verkemiddel

Mål for prosjektet er å opparbeide gaterommet til eit godt opphaldsrom i området, ein samlingsstad for nærområdet. Bossnett er under gjennomføring i området, og planen er at ei opparbeiding av Dokkeveien som byrom, skal følgja arbeidet med etablering bossnettet. Opprustinga medfører sanering av parkering, og opparbeiding av store, gode fotgjengareal.

4 Historikk

4.1 Brannområde


Planområdet er i praksis ein eldre gangtrase frå sentrum og over mot Møhlenprissida, Dokken. Dokkeveien ligg i eit skilje, mellom tidlegare lysteigedomen Fastings Minde i sør, og bygningsmasse frå 1840 og utover, på nordsida.

Området var i hovudsak ubygd fram til 1880-åra. Frå midten av 1880-åra, blei det bygd ut kvartaler sør for Dokkeveien, på eigedomen til Fastings Minde. Gata Dokkeveien ser ut til å vera uendra sidan.

4.2 Historiske kart

Kart frå 1885 viser gateløpet med nordre fasaderekkje slik den er i dag. Bakgrunnen for gateforma er også lesbar som avgrensing av eigedomen til Fastings Minde.

Fig. 8 Kartustnitt datert 1885, Fastings Minde mot søraust



4.3 Eldre gatestruktur med meir

Dagens bygningsmasse langs Dokkeveien er i hovudsak etablert. Kvartala sør for gata har fått form etter Fastings Minde si eigedomsgrense.

Johanneskirken er reist med plass-/parkanlegg rundt.

Fig. 9 Utsnitt av kart datert 1907



4.4 Historiske fotos

Fig. 10 Dokkeveien 1951. Fasadar på nordsida av gata



Fig. 11 Blikk frå Dragehaugen i 1951



Fig. 12 Dokkeveien 1951, ved starten på Dragesmuget



Fig. 13 Bilete frå 1951. Leikeområde ved Dokkeveien



4.5 Historiske trekk som påverkar planområdet

Sydneshaugen og Dokkeveien har ein spennande historie som har påverka planområdet opp gjennom tidene. På Sydneshaugen låg det minst tre steinbrot på 1800-talet, deriblant Rosenberghagen steinbrot som låg ved nedre parti av Øisteinsgate, som vist på fig. 14 under. Steinen blei brukt til blant anna ballast i skip, og byggestein og brustein i gatene i Bergen, derav Nøstegaten og fleire kaianlegg i byen kan nemnast.

Rosenberghagen steinbrot åt seg lengre og lengre inn under husa som var bygd på Sydneshaugen, og i 1880 var det stopp i steinbrotet. Ein kan framleis sjå steinar frå steinbrotet i murane langs sidene på trappene opp mot Johanneskirken, samt i grunnmurene frå bygningane tilbake til 1800-talet.

Historia seier at det har gått ein vatnkjelde gjennom Dokkeveien. Denne vatnkjelda skal ha vore Vaskerelvas kjelde, som kom opp i Dokkeveien i ei vassåre som går under byen frå Gullfjellet.

På 1700-talet var det ein klokkestein ved Dokkeveien og var då rekna som det høgaste punktet i Bergen. Historia seier at det var om og gjera å koma opp på toppen av denne under St. Hansfeiringa.

I nærleiken av Dokkeveien var skiljet mellom Fasting Mindes eigedom og Sydneskleiva markert med eit gjerde. Dette gjerdet blei omtala som springgjerdet og var eit 22 meter langt gjerde som var utforma som ein benk ut mot gata. Denne benken stod på toppen av Sydneskleiva frå 1675-1845 og var ein sosial samlingsstad for nærmiljøet.

I utarbeidinga av planområdet har det vore viktig å ta fram dei historiske trekka frå nærområdet og framheva dei ytterlegare. Det er ynskjeleg at den nye utforminga av Dokkeveien skal få like stor betyding for lokalmiljøet, og Bergen elles, slik som området var før i tida.

Fig. 14 Rosenberghagen steinbrot like ved Øisteinsgate



5 Dagens forhold

5.1 Trafikkregulering

I dag har området tilkomst via Sydneshauen (einvegskjørt mot Dokkeveien) og Ivar Aasensgate (tovegstrafikk). Biltrafikk har utløp gjennom Øisteinsgate (einvegskjørt mot sør) og Sydneshauen, som er tovegskjørt, men blindveg ved det Juridisk fakultet. Mot vest ender Dokkeveien blindt ved møte med Bredalsmarken.

Parkeringa fungerer i dag med parkering der det er plass, både i Dokkeveien, Sydneshauen og Ivar Aasens gate. Dette gir eit uryddig og lite attraktivt preg.

Fig. 15 Flyfoto av dagens situasjon



Fig. 16 Dagens trafikksituasjon



Fig. 17-20 Dagens gatesituasjon i Dokkeveien og næraste omgjevnadane



5.2 Gatedekker

Gategrunn er asfaltert, med tidels dårleg og slitt kvalitet. Fortau er delvis skiferbelagt med kantstein mot køyreareal. Fortau er også slitt og i dårleg forfatning.

Fig. 21 Dagens gatedekker



Fig. 22-24 Tilstand på gatedekker i dag



Fig. 25 Tilstand på gatedekker i dag



Fig. 26 Tilstand på gatedekker i dag



5.3 Områdeanalyse

Sydneshaugen er eit område som er aktivt i bruk av studentar og bebuarane i nærmiljøet, samt befolkninga elles i byen. Dokkeveien fungerer som ei trasésone frå Jekteviksbakken i tillegg til Dokkebakken og Bredalsmarken. Det er anslått at i overkant av 2000 personar passerar Dokkeveien dagleg.

I dagens situasjon er mesteparten av området i bruk av bilar som står parkert i tillegg til passerande trafikk. Trafikkbiletet kan skapa farlege og uoversiktlege hendingar, men i all hovudsak fungerer området som "shared space" på fotgjeigarane sine premissar (Sjå fotgjeigarmønster på figur 28 under).

Området består i all hovudsak av bustadar og undervisningsbygg, samt nærbutikken Kolonialen. Dokkeveien har ein sentral plassering i byen og ligg berre nokre steinkast frå Johanneskirken og trappene vidare ned mot Torgallmenningen.

Fig. 28 Registreringar i nærområdet




6 Eksisterende planar

6.1 Gjeldande planar

6.1.1 Kommuneplanens arealdel (KPA)

I kommuneplanens arealdel, er området rundt Dokkeveien vist som generelt byområde. Dette er ikkje i konflikt med den bruken prosjektet legg opp til.

Fig. 29 og 30 Utsnitt av KPA



6.1.2 Kommunedelplan sentrum (KDP)



Fig. 31 - 33 Utsnitt av KDP sentrum, viser arealbruk, byform busetnader og byform byrom.

Kommunedelplan sentrum gir retningslinjer i meir detaljert skala for arealbruk, utforming av byrom og karakter av busetnadar.

Prosjektet Dokkeveien må seiast å vera godt innfor dei rammene Kommunedelplan sentrum gir.

6.1.3 Andre aktuelle reguleringsplanar

Fig. 34 Reguleringsplan Jekteviken (1952)



Det aktuelle området for dette prosjektet er ikkje omfatta av detaljreguleringsplanen.

I området rundt prosjektområdet, er det tre ulike planar for ulike formål:

Reguleringsplan for Jekteviksbakken
- vedteke 1952

Fig. 35 Reguleringsplan Møhlenpriskrysset



Reguleringsplan for Møhlenpriskrysset
- vedteken 2002

Regulerer Dokkeveien som blindveg mot krysset, og sikrar på den måten at Dokkeveien er fri for gjennomgangstrafikk.

Fig. 36 Reguleringsplan Jekteviken (2013)



Reguleringsplan for Jekteviksbakken
- vedteken 2013

Fastset Dragehaugen som friområde. Dette er i samsvar med den bruken haugen har hatt i lang tid, og sikrar på den måten kunn eit positivt element i nærområdet av Dokkeveien.

7 Trafikale forhold

Det er ikkje utført trafikkanalyse av området, men registreringer av arkitekt. Området er isolert ved blindgater både i Sydnesgaten og Dokkeveien, og har beskjeden biltrafikk i dag. Sydnesgaten var opprusta i 2000 for tovegskjørt trafikk, men med kunn eitt køyrefelt. Dagens situasjon er oversiktleg og med møteplass på midten. Systemet fungerer trafikalt bra, og appellerer til låg hastighet og forsiktig køyring. Løysinga gir maksimalt areal for fotgjengarar og opphald utandørs.

Same prinsipp er vurdert for Dokkeveien, med møteplasser i kryssa med Sydnesgaten, Sydneshaugen og Ivar Aasens gate.

Foreslått løysing har likevel endt på ei gatetunsløysing med blanda trafikk på fotgjengarar sine premisser, og skilta deretter.

Utforming skal vera universelt utforma.

Etter pålegg frå trafikketaten, er det ikkje sett av plass for parkering i prosjektområdet.

Fig. 37 Dagens trafikforhold



8 PLANPREMISSER

8.1 Funksjonskrav

8.1.1 Kjørrende trafikk

Det er lagt opp til at hovudarealet er skilta som gatetun, med køyretrafikk på særskilte vilkår. Dekke er skilt ved brostein i aktuelt køyreområde, og skifer i aktuelle gang- og opphaldsareal. Det er renner med sluk i begge sider av brosteinsfelt.

Høgde mellom brosteinsfelt og skiferfelt er maksimalt 20mm

Fig. 38 Tiltent trafikkforhold med møteplassar



8.1.2 Fotgjengarar

Planlagt fortau/oppfallsareal er gitt maksimal breidde i forhold til gatetverrsnittet. Minimum breidde på ferdssone på fortau vil vera på om lag 4 meter på det smalaste ved Dokkeveien 1. For å sikre god framkomelegheit for alle, med særskild vekt på universell utforming, vil uteareal bli oppdelt i ulike soner; veggsoner, ferdssone og møbleringsone. Det opne ferdssarealet vil vera 2 meter på det minste i breidda og fri for hinder.

8.1.3 Syklistar

Dokkeveien vil ha karakter av "shared space" / gatetun der syklistar må ta seg fram på fotgjengar sine premisser, eller i køyrebane. Gaterommet er breitt og oversiktleg. Første prioritet er opphald og plassrom, og det er derfor viktig at arealbruken følgjer opp dette prinsippet, med enkel og tydeleg materialbruk.

8.1.4 BossNett

BIR Nett skal installera to bossnettstasjonar med nedkast i Dokkeveien.

Éin stasjon ved den austlege delen av gata, ved Sydneskleiven 31, og éin ved den vestre delen, mot Jekteviksbakken. Plassering er gjort utifrå beste felles interesser, slik at nedkast er lett synleg og tilgjengeleg. I tillegg til at plasseringa skal utgjere mint mogleg hinder for ferdsel og opphald.

8.1.5 Trafikksikkerhet

Materialbruk og trafikkføring er planlagt utifrå god oversikt, låg hastighet og høg tryggleik.

8.1.6 Parkering

Etter innspel frå Trafikketaten (no Bymiljøetaten), vil det ikkje vera sett av parkeringsplassar i det aktuelle planområdet.

8.1.7 Varelevering

Det er liten trafikkbelastning i gata, og god tilgjengelegheit for varelevering.

Kolonialbutikken "Kolonialen" ligg på hjørnet Sydneshaugen og Dokkeveien, og har dagleg varelevering.

Elles er tilkomsten enkel til alle eigedomar i gata for flyttebil, naudtrafikk og så bortetter.

8.1.8 Prinsipp for skilting

Vi vurderer det slik at det er behov for spesiell skilting for Dokkeveien, skilting ved skilt type 540 og 542 for det sentrale området i Dokkeveien. Fartsgrensen er satt til å vera 30km/t i Sydnesgaten.

Anbefaler 15km i sentralt område Dokkeveien.

8.1.9 Universell utforming

Fotgjengarovergangar er planlagt utført med universell utforming. Materialbruk skal veljast med god funksjonalitet for rullestolbrukarar og rørslehemma. Det må leggjast inn "knottefelt" og leieline for synshemma. Området blir elles også utarbeida med tanke på synshemma, spesielt i forhold til installasjonane som kjem til å bli plassert i gaterommet. Kantar overstiger ikkje 20mm, og maksimalt fall i området er maks 1:20.

8.2 Formgjevingsprinsipp

8.2.1 Gateløp/ byrom

Gateløpet har eit enkelt køyrefelts breidde for biltrafikk, med tydeleg skilje mellom køyreareal og fortau/ opphaldsareal. Ved fotgjengarovergangar er det oppheva felt, for maksimal universell tilgjengelegheit og utforming. Fotgjengarareala er elles romsleg, med god oversikt og kontroll.

8.2.2 Fortau/ plassar/ opphaldsareal

Fotgjengar-/oppfaldsareal er romslege og generøse.

Materialbruk er planlagt utført i skifer.

8.2.3 Gatedekker

Dekke i køyreareal er planlagt utført i asfalt.

8.2.4 Kantstein

Det er planlagt ein 10-15 cm brei kantstein langs alle fortau. Maks høgdeforskjell vert 20mm

8.2.5 Møbleringselement

Møblering skjer

- i det midtre partiet av gata,
- området framfor "Kolonialen"

Møblering er fleire ulike installasjonar.

Dei tre historiske elementa:

- Springgjerdet
- Klokkarsteinen
- Oppkommet skal re-etablerast som by-installasjonar.

Springgjerdet var sannsynlegvis ein rest av steingjerdet som avgrensa eigedomen til Fastings Minde mot Dokkeveien.


Gjerdet har vore borte i lang tid. Som ein del av "Your Street"-prosjektet vil me føre tilbake dette som ei historisk påminning.

Springgjerdet er planlagt i fortausarealet ved "Kolonialen". Det vil fungera både som skilje mellom gang- og serveringsareal, i tillegg til benk.

Klokkarsteinen var originalt ein "flyttstein" frå siste istid, som skal ha hatt dimensjonen 3.2x1.9x1.9m. Det nye elementet "Klokkarsteinen" vil bli ein meir abstrahert installasjon med same dimensjon, som vil fungere som brukelement i gaterommet. Denne vil fungera i samspel med "Oppkomet", ein vatninstallasjon til glede for store og små. Både Klokkarsteinen og Springgjerdet blei fjerna omkring 1900.

8.2.6 Gatelys

Fig. 39 Illustrasjonsplan med gatebelysning



9 Alternative løysingar

9.1 Trafikkalternativ

Prosjektet legg opp til same køyremønster som det er i dag, men med kunn eitt køyrefelt, og møteplassar. Det er ikkje vurdert andre aktuelle køyremønster. Det er etter pålegg frå trafikketaten ikkje sett av parkeringsareal i prosjektområdet.

9.2 Tverrsnitt av Dokkeveien.

Breidda på Dokkeveien varierer. Det breiaste området er ved nr. 7 og er på om lag 20 meter, medan det smalaste er på om lag 12 meter ved nr. 1. Det gjennomgåande trekket ved eitt køyrefelt er at vegen har ei breidde på 3,5 meter. Denne breidda gir svært god plass for gang og opphald i gata. Det er tenkt skiferdekke på fortau og opphaldsareal, med kantavslutning med høgdeforskjell mellom skiferdekke og renner og dekke i brostein, på 20mm.

Aktuelt køyrearealet er planlagt med brostein. Bakgrunn for denne vurderinga er å understreka samanhengen med Sydneskleiven, som historisk bindingsline frå sentrum mot Møhlenpris. Samtidig gir materialsamanstillinga skifer/ brostein eit moderat skilje mellom aktuelt køyreareal og opphalds- /gangareal.

10 Innspel frå ulike aktuelle etatar

10.1 Byantikvaren

Det er gjennomført synfaring og samtale med Byantikvaren, ved Arve J. Nilsen. Arve Nilsen påpekte kor viktig det er å forholde seg til tidlegare geologi, samt universell utforming. Han presiserte at me er i eit vernet område og derfor må ta spesielle omsyn. Han presiserte også viktigheita med god nabokommunikasjon, at prosessen må følgje formelle krav og at Riksantikvaren må involveras. Han foreslår ein konferanse med Etat for Byggesak, i tillegg til å orientere Byantikvaren underveis i prosessen.

10.2 Trafikketaten (no Bymiljøetaten)

Arbeidsgruppa har hatt møte og korrespondanse med Trafikketaten undervegs. Dei signaler som har blitt meldt, er innarbeidd i prosjektet. Dette gjeld også forhold knytt til uteserveringa.

10.3 BIR Nett

Det har vore fleire møter med BIR Nett undervegs.

11 Anbefalt løysing

11.1 Dei enkelte delelementa

11.1.1 Trafikkregulering

Prosjektet legg opp til ei gatetunsløysing, der køyretrafikk på bestemte premisser er tillatt. Det er etter pålegg frå trafikketaten ikkje sett av parkeringsareal i prosjektområdet.

11.1.2 Fortau/ plassar/ opphaldsareal

Det gjennomgåande trekket ved eitt køyrefelt er at vegbanen har ei breidde på 3,5 meter. Denne breidda på vegen vil gi svært god plass for gang og opphald i Dokkeveien. Det er tenkt skiferdekke på fortau og opphaldsareal, med kantavslutning på maks 20mm mot brosteinsareal med renner i køyrebanelen.

11.1.3 Gatedekker

Det er planlagt dekke av skifer på alle gang- og opphaldsareal. Køyreareal er planlagt asfaltert.

11.1.4 Kantstein

Skiferareal er avslutta med kant av ståande skråstilt brustein. Langs denne er det renne av brostein på nivå med køyrebanelen.

11.1.5 Tre

Det er tre eksisterande tre i området i dag. Desse er in-

narbeidd i løysinga og blir bevart.

11.1.6 Gatelys

Dagens gatelys som er hengt mellom bygningane, skal erstattast av master med kuppel. Dette er ein form som har kopling til tradisjonelle lyktestoplar i Bergen, og som gir tilstrekkeleg med lys i denne situasjonen.

11.1.7 Tverrsnitt

Den nye løysinga kjem til å endre tverrsnittet i Dokkeveien. Biltrafikken kjem som tidlegare nemnd til å vera uendra, men med kunn eitt køyrefelt på 3,5 meter utført i asfalt med kantstein av brostein. Opphaldssonene saman med ferdselssona som går gjennom dokkeveien på kva side kjem til å variere i breidde frå om lag 4 meter til 13 meter, og med planlagt dekke av skifer.

Den største endringa i tverrsnittet vil vera at parkeringa i gata vil utebli i den anbefalte løysinga.

Fig. 40 Førsteutkast av plan, med plassering av de urbane elementa



11.2 Anbefalt plan

11.2.1 Illustrasjonsplan

Dei vurderingar og innspel som er gjort i prosessen, og ikkje minst det konsept som låg til grunn i "Your Street" konkurransen, er innarbeidd i illustrasjonsplan som vist under.


Fig. 41 Illustrasjonsplan over prosjektområdet



Fig. 42 Langsnitt



Fig. 43 Tversnitt



11.2.2 Ny situasjon

Anbefalt løysing vil skape ein ny situasjon og endre bruksmåten av området utifrå korleis det blir brukt i dag, frå gjennomgangssone til opphaldsrområde.

Det vil bli tilrettelagt for servering utandørs ved Springgjerdet like utanfor Kolonialen. Medan Klokkesteinen i samband med vasskjelda vil kunne fungere som ein samlingsstad med fleire bruksområder som for eksempel scene og møtestad.

Menneskestraumen i området kjem til å vera den same frå studentar og bebuarane i nærområdet, men det er tenkjeleg at fleire kjem til å stoppe og bruke staden grunna den nye utforminga. Den samla summen av ny belysning, nytt gatedekke og mindre areal tiltenkt trafikk kjem til å gjera området ekstra attraktivt for bruk for fotgjengarar.



Fig. 44 Dagens registreringer i nærområdet

Fig. 45 Tenkt ny situasjon



11.2.3 Nytt gatedekke

Gatedekket kjem til å bli endra samstundes med opprustinga av området i samband med BIR Nett.

Det nye gatedekket er tenkt utført i brostein i aktuell køyrebane.

Plassdekket kjem til å få større omfang i det køyrebane blir smala ned til 3,5 meter.

Fortau og opphaldssoner er tenkt utført som skiferdekke med kantavslutting med smaksimalt 20mm.

I samband med kantavsluttinga er det også tenkt ei vassrenne utført i brustein slik som elles i nærområdet.



Fig. 46 Dagens gatedekke i nærområdet

Fig. 47 Nytt gatedekke med nye element



11.2.4 Illustrasjoner

Under er dei viktigaste elementa i opprustinga illustrert:

Fig. 48 Klokkarsteinen og vatnkjelda sett mot Jekteviksbakken



Fig. 49 Klokkarsteinen og vatnkjelda sett mot Dragesmauet



Fig. 50 Klokkarsteinen som scene



Fig. 51 Springgjerdet og uteservering

